



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato 28.05.2019
Møtetid: Kl. 15:00 - 17:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	A
Vidar Tveiterås	A
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Ingvild Raftevoll Bogevik	FRP
Karl Bård Kollbotn	FRP
Gunn Totland Moss	KRF
Jon Magne Bogevik	UAVH

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Sture Tveit	H	Ingen	

Møtenotater:

Skriv og meldingar:

- Utvalet slutta seg til notat om skotpremie for rev. Grunneigarlag kan søkje vilt og fiskefondet om tilskot til skotpremie.

Utvalet hadde ikkje saker til utvalet sitt kvarter.

Merknader:

Karl Kolbotn (Frp) var ugild under sak 09/19

Gunn Petersen var ugild under sak 10/19.

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 29.05.2019

Karl Bård Kollbotn
leiar av utvalet

Hilde-Lill Våge
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/2019	19/486	Faste saker	
009/2019	19/482	Handsaming av søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort Burlia Hjortevald 2019-2024	
010/2019	19/482	Handsaming av søknad om godkjenning av søknad om bestandsplan for hjort Einareåsen hjortevald 2019-2021	
011/2019	19/364	GBNR 30/1 - Handsaming av søknad om konsesjon ved kjøp av fast eigedom	
012/2019	18/1041	Offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m. fl., Børdalen	
013/2019	19/354	Uttale til planprogram for regional plan for vassforvaltning 2022-2027	
014/2019	19/375	Vilt- og fiskefondet 2018	
015/2019	19/375	Vilt- og fiskefondet 2019	

SAKNR. 008/2019: Faste saker

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste vart samrøystes vedtek.

Det var ikkje merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker vart teke til orientering.

NAT- 008/2019 Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 009/2019: Handsaming av søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort Burlia Hjortevald 2019-2024

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Karl Kollbotn (Frp) er far til grunneigar i hjortevaldet og bad om få verte vurdert som ugild. Han gjekk ifrå og vart samrøystes funnen ugild. FVL § 6

Jon Magne Bogevik (Uah) vart vald til setteleiar under handsaming av saka.

Framlegget til rådmannen var samrøystes vedteke.

NAT- 009/2019 Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner bestandsplan for Burlia hjortevald for perioden 2019-2024. Det vert gjeve løyve til å fella 180 dyr over ein femårs periode, eller gjennomsnittleg 36 dyr årleg.

Avskytinga skal vere som planen synar, og det skal ikkje vera større avvik enn 10 % i den totale avskytinga eller av dei ulike kjønns og alderskategoriane. Dette gjev eit areal på 914 da per løyve.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 og 16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner bestandsplan for Burlia hjortevald for perioden 2019-2024. Det vert gjeve løyve til å fella 180 dyr over ein femårs periode, eller gjennomsnittleg 36 dyr årleg.

Avskytinga skal vere som planen synar, og det skal ikkje vera større avvik enn 10 % i den totale avskytinga eller av dei ulike kjønns og alderskategoriane. Dette gjev eit areal på 914 da per løyve.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 og 16

SAKNR. 010/2019: Handsaming av søknad om godkjenning av søknad om bestandsplan for hjort Einareåsen hjortevald 2019-2021

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Gunn Petersen (Ap) er grunneigar i hjortevaldet og bad om å vera ugild. Ho gjekk i frå og vart samrøystes funnen ugild, FVL § 6

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

NAT- 010/2019 Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner bestandsplan for Einareåsen hjortevald for perioden 2019-2021. Det vert gjeve løyve til å fella 210 dyr over ein treårsperiode, eller gjennomsnittleg 70 dyr årleg. Avskytinga skal vere som planen synar, og det skal ikkje vera større avvik enn 10 % i den totale avskytinga eller av dei ulike kjønn og alderskategoriane. Dette gjev eit areal på 613 daa per løyve.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 og 16.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner bestandsplan for Einareåsen hjortevald for perioden 2019-2021. Det vert gjeve løyve til å fella 210 dyr over ein treårs periode, eller gjennomsnittleg 70 dyr årleg. Avskytinga skal vere som planen synar, og det skal ikkje vera større avvik enn 10 % i den totale avskytinga eller av dei ulike kjønn og alderskategoriane. Dett gjev eit areal på 613 daa per løyve.

Vedtaket har heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 og 16.

SAKNR. 011/2019: GBNR 30/1 - Handsaming av søknad om konsesjon ved kjøp av fast eigedom

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Gunn Totland Moss (Krf) bad utvalet vurderer hennar gildskap. Ho er tante til søkjar, og gjekk ifrå under handsaminga. Utvalet vedtok samrøystes at Moss er gild, jf FVL § 6.

Søkjar bur på gnr 30/16 som er naboeigedommen. Buplikta gjeld denne eigedommen, og Gnr 30/1 vert retta til 30/16 i framlegg til vedtak.

Utvalet slutta seg til endringa i framlegget til rådmannen, som vart samrøystes vedteke.

NAT- 011/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev Anette og Torger Langeland konsesjon til erverv av gbnr 30/1 på Langeland i Samnanger kommune.

Sidan eigedommen har over 500 daa produktiv skog vert det sett vilkår om personleg buplikt i 5 år.

- Denne buplikta kan oppfyllast ved at ervervarane bur på gbnr 30/16 og er busett der i minst 5 år.

Vedtaket har heimel i *Konsesjonslova* § 1, 9 og 11.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev Anette og Torger Langeland konsesjon til erverv av gbnr 30/1 på Langeland i Samnanger kommune.

Sidan eigedommen har over 500 daa produktiv skog vert det sett vilkår om personleg buplikt i 5 år.

- Denne buplikta kan oppfyllest ved at ervervarane bur på gbnr 30/1 og er busett der i minst 5 år.

Vedtaket har heimel i *Konsesjonslova* § 1, 9 og 11.

SAKNR. 012/2019: Offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m. fl., Børdalen**28.05.2019 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

NAT- 012/2019 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl. Børdalen (PlanID 1242201801) lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 13. juni til 15. august 2019. Adressa «Høysetevegen 136» skal takast ut av plannamnet og på framsida av alle dokument før høyring. Planmaterialet består av følgjande dokument:

- Planskildring datert 10.05.2019
- Plankart datert 10.05.2019
- Føresegner datert 10.05.2019
- Merknadsskjema datert 30.04.2019
- Perspektiv; dagens situasjon og plangrepet datert 10.05.2019
- ROS-analyse datert 10.05.2019
- Trafikkanalyse datert 29.04.2019
- Alternativ 1 og alternativ 2, kort presentasjon datert 10.05.2019.
- Landskapsanalyse med volum/silingsstudie og konsekvensutredning datert 03.05.2019
- Konsekvensvurdering for naturmangfald, Rådgivende Biologer Rapport 2854 datert 30.04.2019
- Flom- og skredfarevurdering, SKRED AS Rapport 18329-01-1 datert 25.10.2018.
- Vurdering av mulige sikringsløsninger, SKRED AS Rapport 18329-01-1 datert 01.11.2019.
- Merknader til oppstart.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl. Børdalen (PlanID 1242201801) lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 13. juni til 15. august 2019. Adressa «Høysetevegen 136» skal takast ut av plannamnet og på framsida av alle dokument før høyring. Planmaterialet består av følgjande dokument:

- Planskildring datert 10.05.2019
- Plankart datert 10.05.2019
- Føresegner datert 10.05.2019
- Merknadsskjema datert 30.04.2019
- Perspektiv; dagens situasjon og plangrepet datert 10.05.2019

- ROS-analyse datert 10.05.2019
- Trafikkanalyse datert 29.04.2019
- Alternativ 1 og alternativ 2, kort presentasjon datert 10.05.2019.
- Landskapsanalyse med volum/silingsstudie og konsekvensutredning datert 03.05.2019
- Konsekvensvurdering for naturmangfald, Rådgivende Biologer Rapport 2854 datert 30.04.2019
- Flom- og skredfarevurdering, SKRED AS Rapport 18329-01-1 datert 25.10.2018.
- Vurdering av mulige sikringsløsninger, SKRED AS Rapport 18329-01-1 datert 01.11.2019.
- Merknader til oppstart.

SAKNR. 013/2019: Uttale til planprogram for regional plan for vassforvaltning 2022-2027

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen vart samrøyses vedteke.

NAT- 013/2019 Vedtak:

Samnanger kommune har følgjande uttale til høyringa av planprogram for Regional vassforvaltningsplan 2022-2027, med vedleggsdokumenta Hovudutfordringar i vassregion Hordaland og Hovudutfordringar i vassområde Vest:

I arbeidet med å styrkja kunnskapsgrunnlaget meiner me det særleg må leggjast vekt på å gå grundig og kritisk igjennom påverknadane og tilstanden for vassførekomstane som er registrerte i vann-nett. Det er kanskje også behov for å registrera nye påverknadar, både nyleg oppståtte og tidlegare ikkje registrerte. Dette arbeidet må gjerast tidleg i planprosessen.

I vinter fekk kommunane sine administrative kontaktpersonar nokre få veker (20. desember – 15. januar) på seg til å gjennomgå påverknadane for heile lista med vassførekomstar i sin kommune. Me meiner at dette ikkje kan sjåast på som ei fullverdig oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, her må det leggjast opp til ein meir skikkeleg gjennomgang med fleire involverte personar. Dette er ein viktig føresetnad for at ein seinare i prosessen skal kunna føreslå riktige tiltak på riktig stad, og for å prioritera rekkjefølgje på tiltaka. Det grunnlaget som i dag ligg i vann-nett er ikkje treffande nok for Samnanger. I gjennomgangen som dei administrative kontaktane gjorde var alle påverknadar av sur nedbør, diffus avrenning fra fiskeoppdrett og rømt fisk/lakselus tekne ut. Det går ikkje klart fram av planmaterialet kva som er bakgrunnen for dette, eller kva som er planen vidare.

I dokumentet om hovudutfordringar i vårt vassområde er skildringane av situasjonen i vassområde Vest og i Samnanger kommune dekkjande, og gjev eit godt grunnlag for å gå vidare med å oppdatera den regionale vassforvaltningsplanen for neste planperiode.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har følgjande uttale til høyringa av planprogram for Regional vassforvaltningsplan 2022-2027, med vedleggsdokumenta Hovudutfordringar i vassregion Hordaland og Hovudutfordringar i vassområde Vest:

I arbeidet med å styrkja kunnskapsgrunnlaget meiner me det særleg må leggjast vekt på å gå grundig og kritisk igjennom påverknadane og tilstanden for vassførekomstane som er registrerte i vann-nett. Det er kanskje også behov for å registrera nye påverknadar, både nyleg oppståtte og tidlegare ikkje registrerte. Dette arbeidet må gjerast tidleg i planprosessen.

I vinter fekk kommunane sine administrative kontaktpersonar nokre få veker (20. desember – 15. januar) på seg til å gjennomgå påverknadane for heile lista med vassførekomstar i sin kommune. Me meiner at dette ikkje kan sjåast på som ei fullverdig oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, her må det leggjast opp til ein meir skikkeleg gjennomgang med fleire involverte personar. Dette er ein viktig føresetnad for at ein seinare i prosessen skal kunna føreslå riktige tiltak på riktig stad, og for å prioritera rekkjefølgje på tiltaka. Det grunnlaget som i dag ligg i vann-nett er ikkje treffande nok for Samnanger. I gjennomgangen som dei administrative kontaktane gjorde var alle påverknadar av sur nedbør, diffus avrenning fra fiskeoppdrett og rømt fisk/lakselus tekne ut. Det går ikkje klart fram av planmaterialet kva som er bakgrunnen for dette, eller kva som er planen vidare.

I dokumentet om hovudutfordringar i vårt vassområde er skildringane av situasjonen i vassområde Vest og i Samnanger kommune dekkjande, og gjev eit godt grunnlag for å gå vidare med å oppdatera den regionale vassforvaltningsplanen for neste planperiode.

SAKNR. 014/2019: Vilt- og fiskefondet 2018

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

NAT- 014/2019 Vedtak:

Samnanger Jeger- og Fiskerlag får kr 20 000 som driftstilskot kvart år f.o.m 2019. Vilkår for utbetaling, jf. Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune, er gjeldande.

For søknadsrunden 2018 vert Samnanger Jeger- og Fiskerlag vert tildelt kr 31 125 til gjennomførte prosjekt i 2017. Årsmelding og rekneskap er levert, og midlane kan utbetalast fortløpande.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger Jeger- og Fiskerlag får kr 20 000 som driftstilskot kvart år f.o.m 2019. Vilkår for utbetaling, jf. Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune, er gjeldande.

For søknadsrunden 2018 vert Samnanger Jeger- og Fiskerlag vert tildelt kr 31 125 til gjennomførte prosjekt i 2017. Årsmelding og rekneskap er levert, og midlane kan utbetalast fortløpande.

SAKNR. 015/2019: Vilt- og fiskefondet 2019

28.05.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

NAT- 015/2019 Vedtak:

Samnanger Jeger- og Fiskerlag får kr 20 000 som årleg driftstilskot f.o.m 2019. Vilkår for utbetaling, jf. Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune, er gjeldande.

Samnanger Jeger- og Fiskerlag vert tildelt kr 14 600 til gjennomførte prosjekt i samband med fiskekultivering i 2018. Årsmelding og rekneskap er levert, og midlane kan utbetalast fortløpande.

Samnanger Jeger- og Fiskerlag vert tildelt kr 22 500 til innkjøp av to nye våpen for utlån. Tilskotet vert utbetalt ved innsending av dokumenterte utgifter, og seinast innan eitt år frå og med vedtaksdato.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger Jeger- og Fiskerlag får kr 20 000 som årleg driftstilskot f.o.m 2019. Vilkår for utbetaling, jf. Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune, er gjeldande.

Samnanger Jeger- og Fiskerlag vert tildelt kr 14 600 til gjennomførte prosjekt i samband med fiskekultivering i 2018. Årsmelding og rekneskap er levert, og midlane kan utbetalast fortløpande.

Samnanger Jeger- og Fiskerlag vert tildelt kr 22 500 til innkjøp av to nye våpen for utlån. Tilskotet vert utbetalt ved innsending av dokumenterte utgifter, og seinast innan eitt år frå og med vedtaksdato.